

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 5. desember 2014 15:12
Til: Postmottak Radøy
Emne: Uttale - Oppstart - Radøy - Rossnes - Svena fritidsbustader - Privat detaljreguleringsplan - PlanID 12602014000700

Uttale - Oppstart - Radøy - Rossnes - Svena fritidsbustader - Privat detaljreguleringsplan - PlanID 12602014000700

Fylkesmannen viser til dykkar brev av 06.11.2014 med melding om oppstart av planarbeid for Svena fritidsbustader, plansak 12602014000700.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7- 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggteknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ynskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Brooke Wilkerson

Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal og samfunnsplanavdelinga

Telefon: 55 57 23 23

E-post: fmhobr@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/hordaland